



# PLANSTRATEGI FOR BREMANGER KOMMUNE 2013-2016

---

## KOMMUNAL PLANSTRATEGI

<b>Føremål</b>	Skal vere eit hjelpemiddel for kommunestyret til å avklare kva planoppgåver kommunen skal prioritere i valperioden for å møte kommunen sine behov/utfordringar.
<b>Innhald</b>	Skal gjere greie for utviklingstrekk og utfordringar og vurdere utviklingsmulegheiter. Vidare drøfte kommunen sitt planbehov i lys av dei utfordringane kommunen har som samfunn og organisasjon.
<b>Prosess</b>	Skal innhentast synspunkt frå statlege og regionale organ og nabokommunar. Framlegg til vedtak skal gjerast kjend i minst 30 dagar før kommunestyret si handsaming.
<b>Vedtaksmynde</b>	Kommunestyret
<b>Tidspunkt for vedtak</b>	Innan eitt år etter konstituering av kommunestyret og minst ein gong i valperioden
<b>Verknad</b>	Retningsgjevande for kommunen si prioritering av planarbeid

---

*Formannskapet 24.01.2013*

# Innhold

<b>1. Planstrategi</b>	<b>s. 2</b>
<b>2. Kommunen sitt plansystem</b>	<b>s. 3</b>
2.1 Kommuneplanen sin samfunnsdel	s. 4
2.2 Kommuneplanen sin arealdel	s. 4
2.3 Kommunedelplan	s. 4
2.4 Reguleringsplan	s. 4
2.5 Strategidokument	s. 4
2.6 Temaplan/tiltaksplan	s. 4
2.7 Handlingsprogram med økonomiplan	s. 5
<b>3. Statlege og regionale forventningar</b>	<b>s. 6</b>
3.1 Regionalt planarbeid	s. 6
<b>4. Lokale utviklingstrekk og utfordringar</b>	<b>s. 8</b>
4.1 Demografi	s. 8
4.2 Levekår og folkehelse	s. 11
4.3 Arbeid og næring i Bremanger	s. 11
4.4 Bustader	s. 13
4.5 Transport og infrastruktur	s. 14
4.6 Samfunnstryggleik og beredskap	s. 14
4.7 Miljø, klima og energi	s. 15
4.8 Kommunen som organisasjon	s. 15
<b>5. Prioriterte planoppgåver i perioden 2013-2016</b>	<b>s. 16</b>
<b>6. Vedlegg</b>	<b>s. 21</b>

# 1. Planstrategi

Kommunen har etter Plan- og bygningsloven (PBL) § 10-1 plikt å utarbeide kommunal planstrategi minst ein gong i kvar valperiode. Planstrategien skal vedtakast seinast eitt år etter kommunestyret er konstituert. Dette gjev det nye kommunestyret høve til å vurdere og ta stilling til kva planoppgåver som er viktige å arbeide med i kommunestyreperioden.

Planstrategien skal omfatte kommunen sine strategiske val knytt til utviklinga av kommunesamfunnet. Dette gjeld både langsiktig arealbruk, tenesteområda si verksemd og ei vurdering av kommunen sitt planbehov i valperioden. Enkelt sagt kan vi kalle planstrategien for ein «plan for planlegginga»

Planstrategien skal vedtakast av kommunestyret. Det vert ikkje gjennomført vanleg høyring slik PBL krev for ordinære plansaker, men framlegget skal vere offentleg tilgjengeleg minst 30 dagar før kommunestyret si handsaming.


Planstrategien har ingen rettsverknad og er ikkje formelt bindande for kommunen. Den kan såleis reviderast etter behov i valperioden. Synspunkt frå statlege og regionale organ og nabokommunar skal innhenta, men desse har ingen motsegnrett.

Planstrategien kan på mange måtar samanliknast med ein forstudie i eit prosjekt (PLP). Den skal med utgangspunkt i kommunen sine viktigaste utfordringar dei komande åra, avklare kva vi har bruk for og kva som skal tingast av planarbeid.

Framlegg

## 2. Kommunen sitt plansystem

Eit velfungerande plansystem skal bidra til god og effektiv styring av kommunen og politisk vedtekne planar skal og sikre ei demokratisk styring. Det kommunale plansystemet og planstrategien sin plass i dette kan framstillast slik:



### 2.1 Kommuneplanen sin samfunnsdel

I kommuneplanen sin samfunnsdel vert det fokusert på alle sider av kommunen si verksemd. Her tar ein stilling til dei langsiktige utfordringane, mål og strategiar for lokalsamfunnet som heilskap og kommunen som organisasjon. Planen skal skildre strategiar for utviklinga i kommunen som grunnlag for meir kortsiktige planar og konkrete tiltak.

## 2.2 Kommuneplanen sin arealdel

Kommuneplanen sin arealdel skal syne samanheng mellom framtidig samfunnsutvikling og arealbruk. Den syner hovudtrekka i arealdisponeringa. Arealdelen gjev rammer og vilkår for kva nye tiltak og ny arealbruk som kan setjast i verk, samt kva viktige omsyn som må ivaretakast ved disponering av areala. Arealdelen omfattar plankart, bestemmelsar og planskildring der det går fram korleis nasjonale mål og retningsliner for arealbruk er ivareteke. Kommuneplanen sin arealdel har rettsverknad i den forstand at den einskilde grunneigar ikkje kan nytte og/eller bygge på eigedomen sin på anna måte enn det som er fastsett i planen.

## 2.3 Kommunedelplan

Kommunedelplan er ein del av kommuneplanen sin arealdel for heile kommunen, men kan vere ein meir detaljert utdjuping for eit geografisk område, t.d. ein tettstad. Ein kommunedelplan har same rettsverknad som ein kommuneplan.

Døme: Kommunedelplan for Rugsund-Leirgulen

Kommunedelplan kan og vere ein plan for utviklinga innanfor eit tenesteområde, eller eit tematisk område. Ein slik plan har ikkje same rettsverknad som ein kommuneplan for areal.

Døme: Energi og klimaplan for Bremanger kommune (2009-2013)

## 2.4 Reguleringsplan

Ein reguleringsplan er eit arealkart med tilhøyrande bestemmelsar om bruk, vern og utforming av areal og fysiske omgjevnader.

Døme: Reguleringsplan for Kalvøya.

## 2.5 Strategidokument

Eit strategidokument er ein plan/eit styringsdokument for utvikling innanfor eit tenesteområde, eller eit tematisk-/fagområde. Ein strategi forklarar kva som må gjerast for å nå eit fastsett mål.

Døme: Strategiplan for pleie- og omsorgssektoren

## 2.6 Temaplan/tiltaksplan

Temaplanar/tiltaksplanar vert utarbeidd for større, eller mindre delar av eit fagområde/tenesteområde og skal syne kva som konkret skal gjennomførast/prioriterast.

Døme: Ruspolitisk plan

## 2.7 Handlingsprogram med økonomiplan

Handlingsprogrammet utgjør kommunen sin kortsiktige del og har ein tidsramme på fire år, med revisjon kvart år. Her skal ambisjonar og konkrete utviklingsmål for fireårsperioden, innanfor ein realistisk økonomisk ramme, skildrast.

Framlegg

## 3. Statlege og regionale forventningar

Regjeringa vedtok den 24.06.2011 dei nasjonale forventningane til regional og kommunal planlegging. Føremålet er å peike på oppgåver og interesser som regjeringa meiner det er viktig at kommunen tek opp i si planlegging for å bidra til gjennomføring av nasjonal politikk. Det er skissert forventningar til kommunen innanfor følgjande tema:

- Klima og energi
- By- og tettstadutvikling
- Samferdsle og infrastruktur
- Verdiskaping og næringsutvikling
- Natur, kulturmiljø og landskap
- Helse, livskvalitet og oppvekstmiljø

Dei nasjonale forventningane vert reviderte kvart fjerde år.

### 3.1 Regionalt planarbeid

Sogn og Fjordane fylkeskommune har utarbeidd framlegg til planstrategi 2012-2016. I den regionale planstrategien er det utarbeidd overordna mål og strategiar for planperioden. Framlegg til overordna mål er avleidd av folketalsutviklinga som vert den store felles utfordringa i fylket.

#### Overordna mål:

- Auke folketalet i perioden fram til 2016 til 112 000

#### Strategiar for å nå målet:

- Styrkje attraktiviteten til kommune- og regionsentra
- Styrkje utviklinga av lokalsamfunn med vekt på kultur, trivsel, tryggleik og god helse
- Styrkje grunnlaget for eit innovativt og konkurransedyktig arbeidsliv
- Styrkje rolla til frivillig sektor – lokalt og regionalt
- Styrkje samhandlinga mellom stat, region og kommunar
- Styrkje merksemd om bruk av natur- og kulturarven som verdiskapar
- Styrka satsing på utbygging av infrastruktur
- Styrkje kompetanse og utdanning med basis i lokale og regionale behov

#### Arbeidsmåtar for det strategiske arbeidet:

- Etablere fleire og sterkare bu- og arbeidsmarknadsregionar
- Byggje meir urbanitet og styrkje tilboda i tettstadane (regionsentra/kommunesentra)
- Utvikle kvalitet og kapasitet i offentlege tenester
- Auka utbygging av fysisk infrastruktur som breiband og vegar
- Gjennomføre prosjekt for styrka integrering og fast busetnad av midlertidig arbeidsinnvandring
- Skaffe seg kunnskap om natur- og ressurgrunnlaget som grunnlag for berekraftig bruk og vern
- Etablere handlingsretta strategiar innan prioriterte einskildområde

I fylkeskommunen sin planstrategi vert det tilrådd å utarbeide følgjande regionale planar:

- Regional transportplan Sogn og Fjordane 2014-2023
- Regional skulebruksplan for Sogn og Fjordane fylkeskommune

- Regional plan for verdiskaping
- Regional plan for folkehelse
- Regionale planar for avgrensa geografisk område (ikkje konkretisert)
- Revisjon av Fylkesdelplan for idrett, friluftsliv, fysisk aktivitet og folkehelse 2010-2013

Framlegg

## 4. Lokale utviklingstrekk og hovudutfordringar

Den grunnleggjande føresetnaden for at Bremanger kommune skal ha ei livskraftig framtid, er at folk ønskjer å bu innanfor kommunen sine grenser og at dei får dekt basisbehova sine der. Arbeid, gode velferdstenester og høve til å fylle fritida med meningsfylte aktivitetar er sentrale faktorar i denne samanhengen.


Den største utfordringa for Bremanger, både som kommune og som lokalsamfunn, er folketal og befolkningsamansetnad. Etter mange års reduksjon i folketalet, ser vi no ein tendens til stagnasjon. Dette er positivt, men når ein ser på befolkningsamansetnaden og prognosar for utvikling av denne så ser ein at vi er avhengig av tilflytting for å oppretthalde folketalet.

Bremanger kommune er ikkje aleine om utfordringane. Store delar av Sogn og Fjordane er i same situasjon, og det betyr at vi er i ein konkurransesituasjon. Det finst ikkje eit enkelt svar for korleis ein skal løyse utfordringa, men det er heilt klart at Bremanger må skilje seg ut som ein attraktiv kommune å busetje seg i. Og for å få dette til vil det krevje innsats både frå innbyggjarar, næringsliv, politikarar og kommuneadministrasjon.

### 4.1 Demografi

Demografi handlar i grove trekk om storleik, samansetnad og utvikling av den menneskelege populasjonen. Det sentrale måtalet for å drive kommunal planlegging og dimensjonering av den kommunale tenesteproduksjonen er utvikling i folketal og befolkningsamansetnad. Også kommunen sine inntekter er til dels avhengig av demografien.

Tabellen under syner befolkningsutviklinga i perioden 2008-2012:




Kjelde: SSB

Går vi lenger tilbake i tid, så har Bremanger sidan byrjinga av 1970-talet hatt jamn nedgang i befolkninga. Til tross for ei «stabilisering» dei siste åra, syner Statistisk Sentralbyrå si

framskriving av folketalet i Bremanger ein reduksjon til 3 622 innbyggjarar i 2040, eller -7,4% ved middel vekst.


Dette indikerer at utfordringa vår i høve til i folketal heng saman med befolkningsamansetnad.




Kjelde: SSB

SSB sin folketalsframskriving understrekar dette. Vi ser at vi fram til 2040 må forvente ein vesentleg nedgang i tal innbyggjarar mellom 6 og 15 år (- 19%) og mellom 16 og 66 år (-13%). På den andre sida vil vi få ein stor auke i befolkninga over 67 år (16%).

Når det gjeld gruppa over 67 år så ser vi og at forventa auke er størst i høve til dei eldste aldersgruppene i perioden fram til 2030:



Bremanger har hatt fødselsunderskot 11 av dei siste 13 åra. Dette indikerer ein demografisk samansetnad i befolkninga som gjer at vi vil vere heilt avhengig av tilflytting for å kunne stabilisere eller auke folketalet. Figuren under syner innbyggjarane si prosentvis fordeling på ulike aldersgrupper pr. 01.01.2010. Her ser vi at Bremanger avvik sterkt frå fylket og landet elles i høve til den prosentvise del av innbyggjarane i fertil alder (20-39 år) og vi har større prosentvis del av innbyggjarane som er over 55 år. Til saman gjev dette samfunnsmessige krevjande utfordringar.



Figur: Prosentvis fordeling på aldersgrupper pr. 01.10.2010 (SSB)

Utvikling i innbyggjartal og alderssamansetnad har stor betydning for nivået på dei statlege overføringane til kommunen. Meininga er at rammetilskotet skal reflektere at dei ulike aldersgruppene ikkje kostar kommunen det same. Yrkesaktive menneske klarar seg i hovudsak sjølv, medan dei yngste skal ha barnehage og skuleplass. Dei eldste, på si side, gjev kostnader på helse- og omsorgstenestene. Dersom den demografiske utviklinga held fram, vil vi m.a. måtte vri ressursbruk frå oppvekstsektoren til omsorgssektoren. Dette vil verte utfordrande med tanke på at vi for å få folkevekst samstundes må leggje til rette for etablering og busetjing av unge.

#### Utfordringar:

- Det må leggjast til rette for tilflytting til kommunen, - både ved å få utflytta «Bremangarar» til å flytte heim, og ved tilflytting av nye innbyggjarar, nordmenn og utlendingar.
- Vi må få marknadsført fortrinna ved å bu og leve i Bremanger kommune betre.

## 4.2 Levekår og folkehelse

Vi har i dag ingen informasjon om opplevde levevilkår i Bremanger kommune, difor må vi nytte indikatorar på folkehelse og levekår (SSB, NAV og Folkehelseprofilen for Bremanger kommune 2012).

Dei siste 30 åra har alle grupper i landet fått betre helse, men helsegevinsten har vore størst for personar med lang utdanning og høg inntekt. T.d. har denne gruppa lengre forventet levetid enn personar med lågare utdanning og inntekt. Særleg dei siste ti åra har helseforskjellane auka, det gjeld både fysisk og psykisk helse, og både barn og vaksne. Utjamning av sosiale forskjellar er såleis ei viktig målsetjing for folkehelsearbeidet.

Store sosiale forskjellar kan vere ein peikepinn på at det også er store sosiale helseforskjellar i kommunen.

Den gjennomsnittlege nettoinntekta for dei ulike hushaldningstypene i Bremanger avviker ikkje vesentleg frå fylkes- eller landsgjennomsnitt. Inntektsforskjellane i kommunen er på fylkesnivå og lægre enn gjennomsnitt for landet.

Viktige område/indikatorar der kommunen ikkje avviker vesentleg frå landsgjennomsnittet, men kjem dårlegare ut enn fylkesgjennomsnittet:

- Andel innbyggjarar med låg inntekt
- Andel innbyggjarar med grunnskule som høgste utdanning
- Tal arbeidsledige
- Tal uføretrygda

Område/indikatorar der kommunen avviker negativt i høve til både lands- og fylkesgjennomsnitt:

- Personskadar behandla på sjukehus
- Røyking kvinner
- Behandla i sjukehus
- Psykisk lidning, behandla i sjukehus
- Hjarte- og karsjukdom, behandla i sjukehus
- Type 2-diabetes, legemiddelbrukarar

### Utfordringar:

- Skaffe oversikt over helsetilstand og miljøfaktorar i kommunen som kan danne grunnlag for målretta arbeid i folkehelsesamanheng
- Styrke faktorar som bidreg positivt til folkehelsa i planlegginga vår, og svekke forhold som kan ha negative helseverknader.

## 4.3 Arbeid og næring i Bremanger

Bremanger kommune er kanskje den mest kontrastrike kommunen i Sogn og Fjordane. Kommunen har ein svært variert natur, olje og gass utanfor kysten, eit svært godt grunnlag for fornybar energi, samt store og verdifulle steinførekomstar. Havbruk og fiskeri er viktige ressursar for kommunen og dannar grunnlag for foredlings- og leverandøringstry. Silisiumindustrien i Svelgen er i verdsklasse og gjev grunnlag for leverandøringstry med krav til høg kompetanse. I tillegg har vi m.a. småskala landbruk og reiseliv.

Dei viktigaste ressursane er likevel innbyggjarane. Elevane i kommunen kjem godt ut både på eksamensresultat og nasjonale prøver. Det er og lite fråfall blant elevane i vidaregåande opplæring. Utfordringa er at for få av elevane vel Bremanger som bustad etter endt utdanning. Takka vere god dugnadsånd og stort engasjement i lokale tiltak, har Bremanger eit rikt kulturliv. Ei positiv samfunnsutvikling er avhengig av mulegheiter innan arbeid og næringsverksemd. Eit synleg og variert tilbod innan arbeidsplassar vil bidra til at det er lettare for folk å sjå mulegheiter for å busetje seg i Bremanger. Etablering av nye verksemdar er og viktig for å skape utvikling i Bremanger.

Oversikta under syner sysselsette fordelt på næring og arbeidsstad viser at det er fleire som bur i Bremanger og jobbar i andre kommunar enn omvendt.

<i>Næring</i>	Sysselsette med bustad i kommunen	Sysselsette med arbeidsstad i kommunen	Sysselsette som pendlar ut av kommunen	Sysselsette som pendlar inn i kommunen
Jordbruk, skogbruk og fiske	172	163	17	8
Bergverksdrift og utvinning	78	29	51	2
Industri	356	365	27	36
Elektrisitet, vann og renovasjon	37	39	5	7
Bygge- og anleggsverksemd	121	92	38	9
Varehandel, motorreparasjonar	149	112	42	5
Transport og lagring	132	102	31	1
Overnattings- og serveringsverksemd	55	43	16	4
Informasjon og kommunikasjon	7	1	6	0
Finansiering og forsikring	11	9	2	0
Teknisk tenesteyting, eigedomsdrift	41	13	29	1
Forretningsmessig tenesteyting	45	35	22	12
Off. dm, forsvar, sosialforsikring	81	71	17	7
Undervisning	146	135	15	4
Helse- og sosialtenester	376	343	45	12
Personleg tenesteyting	47	37	11	1
Ikkje oppgjeve	13	12	1	0
<b>SUM</b>	<b>1867</b>	<b>1601</b>	<b>375</b>	<b>109</b>

*Kjelde: SSB (2011)*

Dersom ein ser på samanfall med felles bu- og arbeidsmarknadsområde, så har Bremanger inn- og utpendling både til Nordfjord og Sunnfjord. Statistikk for 2011 for Nordfjordkommunane og eit utval av Sunnfjord kommunane:

	<u>Innpendling</u>	<u>Utpendling</u>
Vågsøy	5	31
Eid	20	28
Selje	0	0
Gloppen	5	7
Stryn	2	4
Hornindal	0	0
<b>SUM</b>	<b>32</b>	<b>70</b>
Flora	24	84
Naustdal	2	1
Førde	6	27
<b>SUM</b>	<b>32</b>	<b>112</b>

*Kjelde: SSB*

Tala er eintydige. Bremanger vil med sin næringsstruktur måtte pårekne ein del utpendling frå kommunen. Den positive utviklinga vi ser i t.d. Florø vil truleg medføre ytterlegare utpendling. I høve til befolkningsutfordringa vil Bremanger kunne «konkurrere» ved å tilby gode, og trygge oppvekstvilkår, tilrettelagte forhold for bustadbygging, god infrastruktur i arbeidsmarknadsregionen, samt å ha eit godt tilbod innan kultur og fritid. I tillegg må ein leggje til rette for vidareutvikling av eksisterande næringsliv og etablering av ny næring i Bremanger.

#### Utfordringar:

- Utarbeide ein ny, spissa næringsstrategi med fokus på dei områda der kommunen har størst potensiale
- Utarbeide ein omdøme strategi for Bremanger kommune

#### **4.4 Bustader**

Tilgang på bustader og tilrettelagte område for bustadbygging er viktig med tanke på tilrettelegging for befolkningsvekst. Og til tross for befolkningsreduksjon har det i Bremanger i mange åra vore mangel på attraktive bustader og tomtar for bustadbygging. Dette heng saman med at det til tross for færre folk er fleire hushaldningar, men og det faktum at mange hus vert ståande tomme og nytta til feriebustader. Det siste skuldast m.a. at omsetningsprisen i store delar av Bremanger er låg og at ein av den grunn ikkje har nokon dynamikk i bustadmarknaden. Dette har vore ei «brems» i høve til privat utbygging. Kommuneorganisasjonen har og store utfordringar som følgje av denne situasjonen, ikkje minst i samband med busetting av flyktningar.

Det er dei siste åra gjennomført og pågår reguleringsarbeid som skal sikre betre tilgang på tomtar, og kommunen har tilrettelagt for private å bygge ut leilegheitskompleks.

#### Utfordringar:

- Utarbeide ein overordna bustad- og tomtestrategi som stakar ut kursen og definerer kommunen si rolle

### **4.5 Transport og infrastrukturbygging**

Bremanger kommune dekkjer eit geografisk område på 831 km<sup>2</sup>. Kommunen har spreidd busetnad med fleire tettstader og til dels store avstandar. Med svak intern transportkommunikasjon og delvis dårleg vegstandard er også Svelgen si stilling som kommunesenter svakt. Transportkommunikasjon ut og inn i kommunen er heller ikkje optimal og den teknologiske infrastrukturen (breiband) kunne vore vesentleg betre.

Dersom Bremanger skal styrke sin posisjon som bustadkommune, er det viktig å styrke desse områda. Lægre barnekull vil og skape utfordringar m.o.t. å kunne oppretthalde gode kulturtilbod. Dersom ein skal lukkast må det skje meir arbeid på tvers av bygdelaga, noko som krev transportmoglegheiter. Betre intern kommunikasjon mot kommunesenteret vil og vere viktig for å samle Bremanger-samfunnet til «eit rike».

#### Utfordring:

- Utarbeide strategiplan for kommunikasjon- og transportutvikling i Bremanger kommune – planen må koplust mot
- Utarbeide plan for styrking av Svelgen som kommunesenter

### **4.6 Samfunnstryggleik og beredskap**

Klimaendringane dei siste åra har synt at vi får nye og endra verforhold. Vi får uver med sterkare vind og meir nedbør enn vi tidlegare har hatt. Dette betyr og at vi får nye utfordringar som vi må vere budd på og planlegge for å takle.

Hensikta med ROS-analyser er å redusere mulegheita for, og konsekvensane av uhell, ulykker og katastrofar. Analysen er svært viktig for å kunne gje hensiktsmessige og berekraftige val, spesielt i arealplanlegginga.

Bremanger kommune har ansvar for å ivareta innbyggjarane sin tryggleik. Lov om kommunal beredskapsplikt med krav til gjennomføring av overgripande risiko- og sårbarheitsanalysar og utarbeiding av beredskapsplanar vil tre i kraft innan 2013. Plan- og bygningsloven har bestemmelsar for å førebygge risiko for tap av liv, skade på helse, miljø og viktig infrastruktur.

#### Utfordringar:

- Gjennomføre overordna ROS-analyse
- Revidere beredskapsplanverket

## 4.7 Miljø, klima og energi

Myndighetene reknar med at veret i framtida vert våtare, villare og varmere. Havnivået er forventa å stige, noko som vil stille strenge krav til bevaring av kultur- og naturmiljø. Som følgje av nasjonale mål om reduksjon i veksten av CO<sub>2</sub>-utslipp vert det forventa ein meir energiøkonomisk drift i alle delar av samfunnet. Bremanger kommune har utarbeidd Klima- og energiplan (2010), og denne må følgjast opp med tiltaksplanar. Energiøkonomisering er kostnadssparande og har økonomisk gevinst på sikt.

### Utfordring:

- Oppfølging av vedteken plan

## 4.8 Kommunen som organisasjon

Bremanger kommune har utvikla eit omfattande tenestetilbod med god kvalitet. Redusert folketal og endra aldersstruktur vil kunne krevje endringar i kommunen sitt tenestetilbod samstundes som det vil kunne påverke det økonomiske handlingsrommet.

Reduserte overføringer frå staten kombinert med krav om nye tenester og stadig auka kvalitet på tenestene våre tvingar oss til å sjå på tiltak som bidreg til endå meir effektiv drift. I hovudsak må dette gjerast gjennom strukturendring, internt i kommunen eller gjennom interkommunalt samarbeid.

Stadig større fokus på folkehelse, førebygging og tverrfagleg tilnærming til utfordringane skapar nye utfordringar for kommunen – ikkje berre økonomisk ved at effekten av førebyggjande innsats sjeldan kan målast på kort sikt, men og i måten å organisere oss på. Korleis kommunen som organisasjon skal utvikle seg for å løyse dagens og framtida sine utfordringar må også drøftast i plansamanheng. Er vi opptekne av dei riktige problemstillingane? Er kommunen sin administrasjon for oppteken av organisasjonen sitt indre liv til å kunne yte dei rette tenestene til innbyggjarane? Er vi i stand til å trekke til oss kvalifisert arbeidskraft til å løyse oppgåvene?

### Utfordringar

- Vi må sikre at alle sektorar jobbar i høve til dei overordna måla for Bremanger-samfunnet. Arbeidet med strategiplanar bør såleis utvidast til fleire område.
- Vi må løyse tenestebehovet til ei stadig eldre befolkning i kommunen samstundes som vi må leggje til rette for etablering og tilflytting. Dette er krevjande både økonomisk og m.o.t. å sikre fagleg kvalitet. Dette betyr at vi innan einskilde område må vurdere strukturelle endringar.
- Ønsket om å tiltrekke oss prosjekt, arbeidskraft og ei yngre befolkning krev stor innsats frå kommunen. Utfordringa er å finne balansen mellom effektiv drift av tenestene og samstundes fokusere på og drive utviklingsarbeid. Dette krev ei aktiv haldning i heile organisasjonen til utviklingsarbeid og ein struktur som sikrar effektiv gjennomføring av arbeidet.

## 5. Prioriterte planoppgåver i perioden 2012-2016

Planarbeid krev kompetanse og ressursar. Skal planstrategien ha nokon verdi er det såleis viktig å vere realistisk m.o.t. kva som er mogleg å gjennomføre i planperioden.

Allereie avgrensa ressursar i den daglege drifta gjer at vi må prioritere kva planoppgåver som skal gjennomførast. Dette inneber at vi må velje bort eller utsetje planar sjølv om vi ser behov for dei. Og prioriteringane i planstrategien tek utgangspunkt i verktøy som gjev mest effekt i høve til Bremanger-samfunnet sine største utfordringar.

Kommunen er i gong med opparbeiding av digitalt planarkiv i samsvar med krav i Plan- og bygningslova. Alle kommuneplanar (arealdel) og gjeldande reguleringsplanar skal etter kvart framgå av dette arkivet. I denne prosessen vil det verte vurdert om ein del eldre og mindre relevante planar bør opphevast, og oppheving av reguleringsplan vil skje i samsvar med krav i plan- og bygningslova (offentleg ettersyn og politiske vedtak). Dette arbeidet skal vere slutført våren 2014. I oversikta over prioritert planarbeid i Bremanger kommune, pkt. 5.1, har ein såleis vald å fokusere på pågåande planarbeid, planarbeid som skal prioriterast fram til neste kommuneval og nyleg vedtekne planar.

Totaloversyn over planar som så langt er registrert i høve til opparbeidinga av det digitale planarkivet ligg ved som eige vedlegg.

Framme

## 5. 1 Prioritert planarbeid i Bremanger kommune 2013-2015

Plantype	Namn på plan	Årstal vedteke	Ny plan vert utarbeidd	Plan vert rullert	Plan vert vidareført	Ansvar	Merknad
Kommuneplan	Kommuneplanen sin samfunnsdel	1991	2013			Rådmann	Arbeidet er starta
	Kommuneplanen sin arealdel		2015			Rådmann	Oppstart 2015
Kommunedelplan	Kommunedelplan Botnane		2013			Teknisk sjef	Planarbeidet er i avslutnings fase
	Kommunedelplan Rugsund-Leirgulen		2013			Teknisk sjef	Planarbeidet er i avslutningsfase
	Kommunedelplan Davik		2014			Teknisk sjef	Ligg inne i økonomiplan
	Kommunal beredskapsplan	2005	2013			Rådmann	Vert utarbeidd i prosjekt saman med FM
	Svelgen-Indrehus		2013				Planarbeidet er i avslutningsfase
	Kort ferjekryssing		2013				Planarbeidet er starta
	Bremangerbygda	2007			X		

## 5. 1 Prioritert planarbeid i Bremanger kommune 2013-2015

Plantype	Namn på plan	Årstal vedteke	Ny plan vert utarbeidd	Plan vert rullert	Plan vert vidareført	Ansvar	Merknad
Reguleringsplanar	Kalvøya fiskerihamn	2012			X	Teknisk sjef	
	Hauge bustadtomter og HDU-bustad	2012			X	Teknisk sjef	
	Iglandsvik		2013			Teknisk sjef	Det er gjort vedtak om planoppstart
	Bustadfelt Frøyen ved Steinset		2013			Teknisk sjef	Det er gjort vedtak om planoppstart
	Frøyen skule – hente og bringesituasjon	2012			X		
	Holmaneset næringsområde	2010			X		Privat utbygging
	Langeneset bustadfelt	2010			X		Privat utbygging
	Riseelva – gangsystem	2010			X		
	Smørhamn næringsområde		2013			Teknisk sjef	Planarbeid pågår
	Naustneset – sentrum nord		2013			Teknisk sjef	Planarbeidet er i avslutningsfasen
	Svelgen sentrum	2009			X		
	Leirgulen kai	2009			X		
	Hauge	1993	2015			Teknisk sjef	
	Gloføyke (1000-årsstaden)		2014			Teknisk sjef	

## 5. 1 Prioritert planarbeid i Bremanger kommune 2013-2015

Plantype	Namn på plan	Årstal vedteke	Ny plan vert utarbeidd	Plan vert rullert	Plan vert vidareført	Ansvar	Merknad
Strategi-planar	Strategiplan for pleie- og omsorgssektoren	2012		Kvart år		Kommunalsjef helse og omsorg	
	Strategiplan for oppvekstsektoren	2011		Kvart år		Kommunalsjef oppvekst	
	Strategiplan teknisk sektor	2012		Kvart år		Teknisk sjef	
	Strategiplan kultursektoren		2013	Kvart år		Kultursjef	
	Strategiplan familie- og helse		2014	Kvart år		Kommunalsjef helse- og omsorg	
	Strategisk næringsplan	2011	2013	Kvart år		Rådmann	Arbeidet er starta

## 5. 1 Prioritert planarbeid i Bremanger kommune 2013-2015

Plantype	Namn på plan	Årstal vedteke	Ny plan vert utarbeidd	Plan vert rullert	Plan vert vidareført	Ansvar	Merknad
Temaplanar	Kommunedelplan for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv 2011-16	2011			X		
	Plan for den kulturelle skulesekken	2010		2013		Kultursjefen	
	Kulturminneplan		2014			Kultursjefen	
	Ruspolitisk plan		2013			Driftssjef NAV	Er under arbeid
	Måldokument for hjorteforvaltninga i Bremanger kommune	2009		2013		Teknisk sjef	
	Tiltaksplan for skog og utmark	2005	2015			Teknisk sjef	
	Hovudplan vatn	2001	2013			Teknisk sjef	
	Kommunedelplan – trafikktrygging	2012		2013		Teknisk sjef	
	Hovudplan avløp	1998	2014			Teknisk sjef	
	Kart- og geodataplan		2013			Teknisk sjef	
	Bustad- og tomtestrategi for Bremanger kommune		2013			Rådmann	Oppstart 2013
	Kriseplan psykisk helse	2012		Kvart år		Driftssjef familie og helse	
	Lønspolitisk plan	2012			X		
	Seniorpolitisk plan	2012			X		
	Handlingsplan mot vold i nære relasjonar		2014			Driftssjef familie og helse	

## Digitale planar

Planid	ACOS	Plannamn	KST	Vedtaksdato	Plantype	Planstatus
					30 = eldre reg.plan (planer vedtatt etter pbl. 1985 eller før 32 = bebyggelsesplan iht. reg.plan 33 = bebyggelsesplan iht. kom.plan 34 = områderegulering 35 = detaljregulering	1 = planlegging i gangsett 2 = planforslag 3 = endelig vedtatt arealplan 4 = Opphevet 5 = Utgått/erstattet 6 = vedtatt plan med utsatt rettsvirkning 7 = endelig vedtatt plan underlagt tidsbegrensning 8 = overstyrt
		Iglandsvik				1
		Rugsund handelsstad, ny veg	K-079-12	27.09.2012	35	3
		Birkelia masselager			35	1
		Løvikneset hyttefelt			35	1
		Smørhamn næringsområde massetak			35	1
		Igland hyttegrend endring			35	1
		Kalvøya fiskerihavn	K-078-12	27.09.2012	35	3
		Naustneset - sentrum nord			35	2
		Frøyen skule hente-/bringesituasjon	K-038/12	21.06.2012	35	3
		Hauge bustadtomtar og HDU-bustader	K-027/12	26.04.2012	35	3
		Setrefjellet Dyrstad steintak	K-062/11	14.12.2011	35	3
		Struen hyttefelt	K-010/11	12.04.2011	35	3
		Gildreneset hyttefelt mindre endring	K-062/10	02.11.2010	35	3
		Buvika Kalvåg	K-022/10	27.04.2010	35	3
		Riseelva gangvegssystem	K-011/10	09.03.2010	35	3
		Holmaneset næringsområde	K-010/10	09.03.2010	35	3
		Bremangersambandet 2 Sjørdalsbotnen deponiområde	K-072/09	15.12.2009	35	3
		Bremangersambandet 2 Bortnen-Sjørdalsvatnet endring	K-072/09	15.12.2009	35	3
		Svelgen sentrum FKBS	K-059/09	29.09.2009	35	3
<b>Reguleringsplanar</b>						
1438.2013.01	12/632					
1438.2012.09	10/2127					
1438.2012.08	12/605					
1438.2012.07	10/1380					
1438.2012.06	10/383					
1438.2012.05	10/1165					
1438.2012.04	10/230					
1438.2012.03	11/219					
1438.2012.02	11/1523					
1438.2012.01	11/1186					
1438.2011.02	10/987					
1438.2011.01	10/592					
1438.2010.04	10/1064					

# Digitale planar

1438.2010.03	10/240	Brevika fortau	K-058/09	29.09.2009	35	3
1438.2010.02	10/2	Gildreneset hyttefelt	K-145/09	16.06.2009	35	3
1438.2010.01	10/44	Nøre bakkjen hyttefelt Grotle	F5K-075/09	02.06.2009	33	3
1438.2009.10	10/297	Langeneset nedste neset	K-028/09	28.04.2009	35	3
1438.2009.09	10/297	Leirgulen kai	K-017/09	10.03.2009	35	3
1438.2009.08	08/286	Daviknes hyttegrend endring	K-018/09	10.03.2009	35	3
1438.2009.06	06/1532	Vågane hyttefelt	K-030/08	22.04.2008	30	3
1438.2009.05	09/138	Botrane bustadfelt Sørbotten	K-031/08	22.04.2008	30	3
1438.2009.04	09/123	Prestegarden bustadfelt endring	K-021/08	22.04.2008	30	3
1438.2009.03	08/558	Svarstad, utbyggingsplan hyttefelt	UTV-054/07	08.05.2007	30	3
1438.2009.02	07/1865	Bremangersambandet 2 Kolset-Bortnen	K-083/07	19.12.2007	35	3
1438.2009.01	08/685	Bremangersambandet 2 Bortnen-Sjørdalen	K-083/07	19.12.2007	35	3
1438.2008.04	05/1454	Lisethøgda hytte-/bustadfelt	UTV-083/06	09.05.2006	30	3
1438.2008.03	08/104	Gloføkneset hyttefelt	K-044/06	20.06.2006	30	3
1438.2008.02	07/1472	Dyrstad hyttefelt	K-098/05	13.12.2005	30	3
1438.2007.03	06/1066	Bjørsvika Hauge	UTV-167/05	27.09.2005	32	3
1438.2007.02	07/1251	Setrevika deponi	K-068/05	26.04.2005	30	3
1438.2007.01	07/1251	Gulestø steinbrot, endring	K-023/05	26.04.2005	35	3
1438.2006.06	05/2083	Gulestø steinbrot	K-043/04	27.04.2004	30	3
1438.2006.01	05/1763	Svelgsdalen, motorsportbane	K-010/04	24.02.2004	35	3
1438.2006.04		Åskora, Yksnelvane, Bjørndalen, anleggsveg	K-038/03	17.06.2003	35	3
1438.2006.03	04/1587	Gloføk hyttefelt, mindre endring utan ettersyn	K-037/03	17.06.2003	30	3
1438.2006.02		Iglund hyttegrend	K-036/03	17.06.2003	30	3
1438.2006.01	04/1335	Fagrevika Kjelkenes hyttefelt	K-004/02	27.02.2002	30	3
1438.2004.02		Sigdestadneset	K-005/02	27.02.2002	30	3
1438.2004.01		Gloføk hyttefelt	K-003/02	27.02.2002	30	3
1438.2003.03		Svelgen sentrum	K-057/01	19.06.2001	30	3
1438.2003.02		Kalvåg	K-089/98	15.12.1998	30	3
1438.2003.01		Brevika	K-066/98	06.10.1998	30	3
1438.2002.03		Daviknes hyttegrend	K-081/95	30.11.1995	30	5
1438.2002.02		Kalvøya	K-119/94	15.11.1994	30	3
1438.2002.01		Kjelkenesvågen småbåthamn		06.04.1994	30	3
1438.2001.01		Hauge	K-126/93	03.11.1993	30	3

## Digitale planar

1438.1998.02	Struen bustadfelt	K-150/92	28.10.1992	30	3
1438.1998.01	Bråtane bustadfelt	K-127/91	18.12.1991	30	3
1438.1995.01	Tretteskjervika	K-061/89	10.05.1989	30	3
1438.1994.02					
1438.1994.01					
1438.1993.01	Mvklebust kryss			30	3
1438.1992.01	Kolset bustadfelt	K-120/96		30	3
1438.1991.01	Langesi hyttefelt			33	3
1438.1989.01					
	Skaret			30	3
	Sande II, Mevika, endring, forretningsomt			30	3
	Svehogane bustadfelt	K-085/83	FM 27.02.1984	30	3
	Sande 2 Svelgen, Mevika	K 15.02.77	FM	30	3
	Sande I	K 16.02.72	FM	30	3
<b>Kommuneplanar/ -delplanar</b>					
1438.2012.13	Kommunedelplan fjordkryssing ytre Nordfjord				1
1438.2012.12	Kommunedelplan Botnane				2
1438.2012.11	Kommunedelplan Rugsund - Leirgulen				2
1438.2012.10	Kommunedelplan for parsell av fv 614, Svelgen-M.b.				2
1438.2004.03	Kommuneplan arealdelen, Bremanger kommune	K 27.04.04			3
1438.2007.01	Kommunedelplan Bremangerbygda	K-082/07	19.12.2007		3